



**Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen**

**Postadresse**  
Postboks 987  
2604 LILLEHAMMER

**Besøksadresse**  
Norsk Fjellsenter,  
Brubakken 2, 2686 Lom  
Norsk Tindesenter  
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 61 26 60 00  
Direkte: +47 61 26 62 04  
sfinpost@statsforvalteren.no  
<http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen>

Lesja kommune  
Postboks 53  
2665 LESJA

Saksbehandler Kristine Sørleie

Vår ref. 2020/4844-13 432.3

Dykkar ref.

Dato 01.07.2021


## Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021- oppretting bakkeantenne på Grønhøa - Lesja kommune, Lesjaskog beitelag

### Delegert vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Lesja kommune dispensasjon til lågtflyging og landing med helikopter for å rette opp bakkeantenne på Grønhøa vest for Bjorli i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjon er gjevne med følgjande vilkår:

- Dispensasjon til lågtflyging og landing gjeld for 1 tur.
- Transporten skal gjennomførast i løpet av sommaren 2021.
- Køyretrasé: Frå Bjorli flyplass til Grønhøa, markert på kartet:



- Transporten skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.
- Statens naturoppsyn (SNO) v/ Thomas Rødstøl (mob: 915 47 617 ) eller Per Olav Haugen (mob: 970 57 213), skal varslast på SMS dagen før køyring.
- Køyrebok skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten.

**Nasjonalpark** Reinheimen  
**Naturreservat** Brettingsmoen  
**Landskapsvernområde** Tafjorden-Reindalen, Trollstigen, Romsdalen, Lordalen, Finndalen, Ottadalen



- Kjørerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 1. desember 2021, på følgjande elektroniske skjema:  
[https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files\\_reinheimen/Rapporteringsskjema\\_motorferdsel-redigert2021.pdf](https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Rapporteringsskjema_motorferdsel-redigert2021.pdf)

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at landing også må avklarast med grunneigar.

### Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

---

## Saksopplysningar

### Heimelsgrunnlag

I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka.

Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker av kurant karakter. Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdseil og motorferdseil.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
  - Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
  - Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
  - Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

### Dokument i saka

- Søknad frå Lesja kommune om helikoptertransport, 09.06.21
- Delegert vedtak, 03.06.2020 – dispensasjon til helikoptertransport for plassering av 5 bakkeantenner.
- Søknad frå Lesja kommune, 29.05.20 og 03.06.20
- Vedtak i AU-Reinheimen, 23.04.2020
- E-post frå Erik Bakken, og Karl Øygarden, Lesjaskog beitelag, 14.april 2020
- Søknad e-post 16.april 2020, frå Lesja kommune

### Søknaden

Lesja kommune søker om lågtflyging og landing med helikopter på Grønhøe i Rauma kommune, vest for Bjorli, for å reise opp ein antennemast, montert i 2020 i samband med tapsavklaringsprosjekt. Det er søkt om ein tur, med start frå Bjorli flyplass.



Lesja kommune skriv følgjande i saken:

*«I forbindelse med et tapsavklaringsprosjekt hos Erik Bakken ble det i fjor satt opp master fra Telespor i beiteområdet til Lesjaskog beitelag. Lesja kommune har fått midler til å kjøre prosjektet i 2021 også. For å få best resultat av prosjektet er vi avhengig av at alle mastene er operative. Den ene masta blåste desverre over ende i vinteren som var. Vi søker derfor om tillatelse til å reise opp masta på nytt. Vi trenger tillatelse til å fly inn med helikopter og til å lande ved masta for å kunne gjøre forsøk med å reise masta på nytt. Lesja kommune skal leie inn Motorola solutions til å foreta flyvinga. Dato er ikke fastsatt, men forespeila fra midten av juni til midten av juli. Vi vil få vite eksakt dato når det nærmer seg.*

*Tapsavklaringsprosjektet ble som forklart starta i fjor. Det er et prosjekt finansiert av Statsforvalteren i Innlandet. Prosjektet har som mål å dokumentere årsaker til tap av lam i utmarksbeite. Alle sauene til beitebruker Erik Bakken skal i år gå med radiobjelle. For at bjellene skal ha dekning er det satt opp 5 master/basestasjoner som skal dekke beiteområdet. Det er en av disse mastene som nå er satt ut av spill. Beiteområdet har i flere år hatt store tap på utmark. Det har vært vanskelig å få dokumentert hva skadene og tapene kommer av. Det er dokumentert jerv og ørneskader i området tidligere år, men lite i forhold til tapene. Fjellterrenget i området er bratt og til dels krevende. Det er kun 1 beitebruker i dette området. Forholdene ligger derfor godt til rette for å kunne gjennomføre et slikt prosjekt.*

*I 2020 var det en del utfordringer i prosjektet. Det er gjort endringer mot årets sesong og vi håper at det vil kunne gi bedre resultater. Avslutningsvis vil vi påpeke at det er gledelig at husdyreier er positiv til å gjøre ekstraarbeidet det er med å ha et prosjekt på beiteflokken sin og det er også svært positivt at Statsforvalter ønsker å kjøre prosjektet et år til for å få bedre resultat av prosjektet!»*

### **Søknaden er vurdert i samsvar med:**

1. Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006.
2. Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.
3. Naturmangfaldlova, 19.06.2009.

### **Verneformål – forskrift**

All motorisert ferdsel i nasjonalparken er i utgangspunktet forbode, jf. verneforskrift § 3, pkt. 6.1. Verneforskrifta § 3, pkt. 6.3, opnar for ulike føremål det etter søknad kan gjevast dispensasjon til, som t.d. nødvendig varetransport til buer, hytter, transport av båt og utkøring av salt i regi av beitelag.

I verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark er ikkje føremålet med transporten spesifisert i vernereglane, og søknaden om motorisert ferdsel må derfor vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

### **Forvaltningsplan**

Motorisert ferdsel er særleg konfliktylt fordi verneområda skal vera skjerma for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klart nytteføremål. Motorisert ferdsel skal haldast på eit nødvendig minimum. Vidare står det at søknader om lufttransport berre skal innvilgast ved særleg behov som gjeld for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og



hytter, utkøyring av båt eller flyging lågare enn 300 meter over bakken i samband med beitedyrleiing og dyreteljingar. Ved vurderinga skal ein leggje vekt på om bruk av luftfartøy gjev samla mindre motorferdsel enn ved bruk av andre motoriserte transportmiddel. Talet på turar med luftfartøy skal normalt avgrensast til 1 – 3 turar.

### Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

### Vurdering

Tiltaket er knytt til beitenæring i verneområdet, og det er i forvaltningsplan teke høgde for oppsetting av nødvendig sambandsutstyr for bruk av radiobjeller på sau. Det er gjeve dispensasjon til plassering av 5 bakkeantennar i området vest for Bjorli, der Lesja kommune fekk dispensasjon til plassering og transport i 2020.

På grunn av at masta på Grønhøa velta i løpet av vinteren 2021 må den reisast opp, slik at systemet fungerer i årets beitesesong. Bruk av helikopter er vurdert å vera den beste løysninga for å reise opp masta.

Kunnskapsgrunnlaget i verneområdet er godt, og helikoptertransport i denne delen av verneområdet på denne tida, vil ikkje vera i direkte konflikt med villrein. Villrein er noko spreidd, og dei mest sårbare fostringsflokkane er lenger søraust i nasjonalparken sør for Lordalen. Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet».

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Bruk av helikopter er ein føremålstenleg metode for å løyse transportbehovet for å rette opp antennemasta på Grønhøa tidleg i beitesesongen.

Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning”, skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyring i verneområdet. Transporten med helikopter og belastninga for verneområdet er forbigåande og akseptable. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

Med helsing

Kristine Sørli  
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:  
Rauma kommune  
Statsforvalteren i Innlandet  
Statens Naturoppsyn v/Per Olav Haugen  
Mari Melbø Rødstøl  
Reinheimen-Breheimen villreinutval v/Knut  
Granum



**Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen**

---

Kari Anette Austvik, Lesja kommune  
Statens naturoppsyn v/Thomas Rødstøl  
Lesjaskog beitelag v/Erik Bakken